



TOKKE KOMMUNE

Sentraladministrasjonen
Direkte tlf.: 35075203
Sentralbord : 35 07 52 00
Telefaks : 35 07 71 33
E-post: postmottak@tokke.kommune.no
Org. nr.: 964 964 521 mva

KS-Telemark , Fylkesbakken 6, 3715 Skien.

Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartementet, Postboks 8112 Dep., 0032 Oslo

Løpenr	Saksnr	Arkivkode	Avd/Seksj/sakb	Dykkar ref	Dato
417/05	04/01629-	020 & 13	SEN-SEN-SEB		21.01.2005
	3				

Melding om vedtak

Særutskrift: Høring på distriktskommisjonens utgreiing

KOMM. OG REG. DEP	
26 JAN 2005	
04/01629-158	
Ark.	013
Avd.	RA 1589 1 MAG

Frå handsaminga i Formannskap - 12.01.2005:

Astri Fladberg la fram eit framlegg til uttale på pkt. 1, som lyder slik:

”Fremskrittspartiet fremmer følgende forslag:

Det er nødvendig med desentralisering av makt. Men det er nødvendig kun å desentralisere makten til et lokalt nivå, ikke til et tenkt regionnivå.

Forvaltningsstruktur og oppgavefordeling

- En løsning med folkevalgte nivåer
- Fylkeskommunen avvikles
- Utvikling av større kommuner som omfatter felles arbeids-, bo- og serviceområder. Disse nye primærkommunene skal overta en stor del av oppgavene fra dagens fylkeskommuner. I tillegg bør staten desentralisere nye oppgaver til disse større kommunene.
- Dagens fylkesmannsembeter kan i en fremtidig modell erstattes ved at det etableres en ny regional struktur med færre enheter, som for eksempel kan ledes av politisk oppnevnte representanter (“guvernører”) for den sittende regjering. Den nye strukturen skal blant annet ha ansvar for territoriell samordning på tvers av den statlige sektororganiseringen.
- Sammen med næringsliv, organisasjoner og kommuner bør staten inngå i regionale partnerskap for å samordne politikken, med sikte på å løse strategiske utviklingsoppgaver spesielt innenfor næringsutvikling.

Hvis det blir flertall i Stortinget for opprettelsen av et nytt folkevalgt nivå, til erstatning for dagens fylkeskommuner, bør det sekundært legges premisser til grunn:

- Et eventuelt nytt folkevalgt nivå mellom stat og kommune bør innebære omfattende strukturelle endringer:
- fylkeskommunen bør avvikles
- fylkesmannsambetet bør avvikles
- en forvaltningsdomstol vurderes opprettet

- antall direktorater og tilsyn reduseres og virksomheten samordnes på regionalt nivå
- det nye regionale forvaltningsnivået tillegges primært oppgaver innenfor næringsutvikling, infrastruktur, arealutvikling og forskning
- kommunestrukturen må endres betydelig i samsvar med ABS-områder.

Kommunalt nivå

Staten bør spille en aktiv rolle i omstrukturingsprosessen. Dette kan innebære utforming av gode incentiver, god dialog med berørte parter og fastlegging av et tidsløp før endringer skal skje. Av flere grunner er det avgjørende at prosessen ikke drar ut i tid. I løpet av neste stortingsperiode bør innholdet i eventuelle reformer være avklart.

Finansiering av de viktigste primæroppgavene i kommunene bør skje gjennom stykkprisfinansiering. I en tid hvor svært mange kommuner sliter med dårlig økonomi, vil det være formålstjenlig med et system som sikrer finansieringen av de primæroppgavene som kommunene i dag står for. En statlig stykkprisfinansiering vil også begrense det økende problemet med et voksende antall kommunale oppgaver som ikke fullfinansieres, da finansieringsansvaret for de tyngre utgiftspostene vil ligge hos staten. I et system hvor stykkprisfinansiering står sentralt vil også innbyggerne kunne få større frihet i valg av tjenester selv, noe som vil gi mer frihet til den enkelte.”

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Astri Fladberg og rådmannen sitt framlegg punkt 1.

Rådmannen sitt framlegg pkt. 1 vart vedteke med 6 mot 1 røyst.

Ellers vart rådmannen sitt framlegg til vedtak pkt. 2-7 samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap - 12.01.2005:

1. Med bakgrunn i at mange parti sine landsmøte skal drøfte ny regioninndeling av Noreg våren 2005, er Tokke kommune samd i KS si tilråding om å vurdere og dette spørsmålet no, men vil eventuelt koma attende med nye svar når høringsfrist nr 2 (14.okt 2005) nærmar seg.
I hovudsak sluttar Tokke kommune seg til uttala som arbeidsgruppa i KS-Telemark har lagt fram. Tokke kommune stør mindretalet sin konklusjon om ein region samansett av Buskerud, Vestfold, Telemark samt Agderfylka, for at regionen skal ha naudsynt tyngde som motvikt mot Oslo-regionen.
Her ser ein òg på oppgåvene som regionen bør ha – samferdsel, næringsutvikling, kultur- og identitetsbygging, kommuneoverskridande areal- og ressursforvaltning, internasjonalt samarbeid og utvikling, utdanning/forskning samt helse.
2. Tokke kommune stør distriktskommissjonen si tilråding med omsyn til elektrisk energi. Nettariffsystemet for sentralnettet bør justerast slik at det reflekterer nettkostnadane og krafttapet i nettet. Dette vil vera ei logisk motvekt mot dyrare petroleumsprodukt i distrikts-Noreg som fylgje av reduksjonar i transportstøtta for desse.
Dei viktige inntektene frå kraftproduksjon som i dag kjem produksjonsområda til gode, må uavhengig av framtidig inndeling av regionar og kommunar koma produksjonsdistrikta til gode.
3. Utflytting av statlege arbeidsplassar frå Oslo-området bør halde fram, og staten bør nytte høvet til å lokalisere nye arbeidsplassar til regionar med fråflytting.